HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Notat

| | |
|---|---|
| **Til:** | Samferdselsutvalet |
| **Frå:** | Fylkesrådmannen |

| **Referanse** | **Dato** |
|---|---|
| 2014/347-1 | 06.01.2014 |

## Utplassering av piggdekkoblatautomatar på ferjene - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 23.10.13 stilte Gustav Bahus (Frp) spørsmål om det kan plasserast ut piggdekkoblatautomatar på ferjene slik at ein unngår trafikkopphoping langs vegane.

Samferdselsavdelinga sendte spørsmålet frå Gustav Bahus over til Bergen kommune i brev av 31.10.13. Det ligg føre svar frå Bergen kommune i brev av 07.11.13 at trafikketaten i kommunen har blitt einig med Fjord1 om at piggdekkoblatar vil kunne kjøpast i kioskane på ferjene mellom Sandvikvåg og Halhjem (sjå vedlegg).

BERGEN KOMMUNE

**TRAFIKKETATEN**
Neumanns gate 1
Postboks 7700, 5020 Bergen
Telefon 55 56 88 50
TRAFIKKETATEN@bergen.kommune.no

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Saknr. 201308620 Dok. nr. 2
20 NOV 2013
Arkivnr. 853 Saksh. NGRU

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Deres ref. | Deres brev av: | Vår ref. | Emnekode | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 201308620-1/853/NGRU | 31. oktober 2013 | 201317027-10<br>SOMI | ESARK-8340 | 07. november 2013 |

**Svar på spørsmål om sal av piggdekkoblat på ferjer**

Det vert vist til oversending av politisk spørsmål reist av Gustav Bahus (Frp) i Samferdselsutvalet den 23.10.2013, vedrørande utplassering av piggdekkautomatar på ferjer.

Trafikketaten kan opplyse om at vi har vore i dialog med Fjord 1 AS om sal av oblat på ferjene som køyrer strekninga Halhjem – Sandvikvåg. Partane er samde om at det vert selt oblat i kioskane på dei aktuelle ferjene.

Status i saka er at Trafikketaten har sendt skrapeoblat og plakatar som skal orientere publikum om tilbodet til Fjord 1 AS sine tre ferjer på strekninga.

Med helsing

TRAFIKKETATEN

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk.*

*Solveig Midttun - avdelingsleder*

283 - 1000_1120000_07220033320000000180715 s 3